



Innst. S. nr. 94

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 9 (2007-2008)

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 143/2007 av 26. oktober 2007 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 717/2007 om internasjonal gjesting i offentlege mobiltelefonnett i Fellesskapet osv.

Til Stortinget

SAMMENDRAG

EØS-komiteen vedtok 26. oktober 2007 å endre vedlegg XI til EØS-avtala (Telekommunikasjonstenester) til òg å omfatte europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 717/2007 av 27. juni 2007 om internasjonal gjesting i offentlege mobiltelefonnett i Fellesskapet og om endring av direktiv 2002/21/EF.

Føremålet med forordninga er å redusere dei høge prisane på internasjonal gjesting (roaming) i mobilnett i EU. Forordninga inneber ein prisreduksjon både på engros- og sluttbrukarnivået.

Internasjonal gjesting i mobilnett tyder at mobilnettilbydaren i ein stat ("tilbydaren av det vitja nettet") tilbyr bruk av mobiltenester til ein utanlandsk mobilnettilbydar ("tilbydaren av heimenettet"). Mobiltilbydaren i heimstaten kan då tilby ein abonnent å utføre og ta imot telefonsamtalar og andre mobiltenester (SMS, datatenester o.a.) i det vitjande mobilnettet.

Bakgrunnen for forordninga er at mobilbrukarar til no har opplevd urimeleg høge prisar på internasjonal gjesting i mobilnett. Det har òg vore ein stor prisvariasjon i dei ulike medlemsstatane. Verken engros- eller sluttbrukarprisane for gjesting i mobilnett innanfor EU-EØS-statane kan forsvarast ut ifrå dei underliggjande kostnadene for å tilby denne tenesta.

Høgstenivået på takstar mobilselskapa imellom (engrosprisar) og høgstenivået på takstar overfor

mobilkundane (sluttbrukarprisar) skal setjast gradvis ned i tidsrommet 2007-2009.

Forordninga skal opphevast etter tre år, dvs. 30. juni 2010, men det er mogleg å lengje reguleringa dersom Kommisjonen presenterer eit nytt framlegg til regulering og Europaparlamentet og Rådet godkjenner dette.

Ettersom forordninga krev lovendring, vart avgjerda i EØS-komiteen teken med atterhald om samtykke frå Stortinget til godkjenning i medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova.

I statsråd 12. oktober la Samferdselsdepartementet fram Ot.prp. nr. 3 (2007-2008) om lovendringar i ekomlova, der departementet gjer framlegg om å ta inn ei ny føresegn § 4-14 om internasjonal gjesting i mobilnett.

Den nye reguleringa vil innebere ein del nye oppgåver for Post- og teletilsynet og dei andre europeiske NRA-ane (regulatorane). Ein reknar likevel ikkje at dette vil auke ressursbruken i særleg grad, ettersom tilsynet alt etter det gjeldande regelverket har rutinar for innhenting av informasjon frå mobiltilbydarane. Post- og teletilsynet er brukarfinansiert, og eventuelle auka kostnader vil difor måtte finansierast av aktørane på marknaden.

Når endringa av EØS-avtala tek til å gjelde, er det ein føresetnad at nasjonale tilbydarar og sluttbrukarar m.a. får prisreduksjon i form av overgang til "eurotakst". Det er svært sannsynleg at både norske tilbydarar og norske sluttkundar vil tene på reguleringa. Samfunnsøkonomisk vil vinsten kunne verte stor.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Karita Bekkemellem, Eirin Faldet, Irene Johansen, Synnøve Brenden Klemetrud, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Fremskrittspartiet, Bård Hoksrud, lederen Per Sandberg og Arne Sortevik, fra Høyre, Øyvind Halleraker

og Trond Helleland, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Ragnhild Aarflot Kalland, og fra Venstre, Borghild Tenden, ønsker velkommen EUs engasjement for å styrke konkurransen innenfor roaming, i fersk norsk oversettelse "internasjonal gjesting i utenlandsk mobilnett". I etterfølgende merknader brukes stort sett det allerede godt innarbeidede begrepet roaming.

Komiteen viser til, som det pekes på i proposisjonen, at verken grossist- eller sluttbrukerprisene for bruk av mobile teletjenester i utlandet kan forsvares ut ifra de underliggende kostnadene ved å produsere tjenestene. Fra de første GSM-nettene åpnet og systemet bredde om seg rundt i verden, har det skjedd en forholdsvis generell negativ utvikling for roamingpriser. Denne utviklingen har skjedd til tross for at det mottatte burde være tilfelle, når man ser på teknologikostnadene og den voldsomme økningen i bruk. Både telefoni, SMS og datatrafikk har blitt gradvis dyrere fra GSM åpnet. GSM var tenkt å gjøre det enkelt å jobbe og reise i alle land som hadde systemet, ved at man kunne nås på og kommunisere ved hjelp av samme SIM-kort. Prisene har i flere land vært så høye at det har virket mot nevneverdig roamingbruk. Ikke få nordmenn har fått sjokk når de har mottatt mobilregning etter utenlandsopphold. Komiteen antar at en delvis forklaring på økning i sluttbrukerprisene, kan være reallokering av inntekter ut ifra det skjerpede fokus på priser og dermed skjerpet konkurranse hjemme. Roamingpriser har til nå i liten grad vært gjenstand for særlig prisfokus i annonsering. De store prisforskjellene på hva de enkelte teleselskapene fakturerer hverandre, tyder imidlertid på at en vesentlig del av forklaringen på de høye prisene, er at mobilselskapene i flere typiske turistland har øynet mulighetene for kjærkomne inntekter på bunnlinjen.

Komiteen vil påpeke at Post- og teletilsynet er verken hjemmelsmessig eller bemanningsmessig i stand til å regulere prisene som for eksempel spanske mobiloperatører, fakturerer de norske, og som disse igjen må kreve inn av sine kunder.

Komiteen merker seg med tilfredshet at forordningen innebærer prisreduksjon både på prisene teleselskapene imellom, engrosprisene, og sluttbrukerprisene. Sistnevnte gjennom såkalt eurotakst. Komiteen er videre tilfreds med at disse skal reduseres gradvis frem mot 2009.

Komiteen vil bemerke at maksimalprisregulering alltid kan bli et hinder eller en sovepute for priskonkurranse. Derfor er det positivt at EU samtidig går inn for at brukerne får en gratis SMS ved kryssing av landegrenser om priser for bruk av mobil og får opplyst et gratis nummer der man kan ringe og få utfyllende prisinformasjon.

Komiteen vil håpe at EU raskt inkluderer de like vanlig brukte tjenestene SMS og datatrafikk i forordningen, og registrerer med tilfredshet at dette kan komme til å skje i nær fremtid. Spesielt SMS ved roaming er i dag grovt overpriset i forhold til de underliggende kostnadene ved å produsere tjenesten.

Komiteen vil understreke viktigheten av at Post- og teletilsynet og de norske mobiloperatørene fortsatt gir råd om mobilbruk i utlandet. Komiteen vil bemerke at dette, herunder prisinformasjon, vil være spesielt viktig i forhold til land utenfor forordningens virkeområde.

Komiteen viser til at utkast til innstilling har vært forelagt utenrikskomiteen til uttalelse. Utenrikskomiteen melder ingen merknader i saken.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 143/2007 av 26. oktober 2007 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 717/2007 om internasjonal gjesting i offentlege mobiltelefonnett i Fellesskapet osv.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 11. desember 2007

Per Sandberg
leder

Trond Helleland
ordfører